

Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.03.2016

YMSE

Orienteringar

SKYSS v/Målfrid Vik Sønstabø og Olav Lydvo	Orientering om skuleskyss
Inntaksleiar Nils Skavhellen:	Orientering om prognoseinntaket 2016
Fungerande fylkesdirektør / seksjonsleiar OT/PPT:	Utfyllande kommentar vedk. sak i fylkestinget 8.-9. mars om tilsetjing av psykolog i vidaregåande skule

«Bestillingar» frå OPHE:

IT-avd. møter på neste møte for info om tilkobling til HFK sitt nettverk
Styreleiar for fagskolen i Hordaland vert invitert til neste møte i OPHE for info om fagskolen
Samferdselsavd. møter på neste møte for info om Universell utforming

Dokument utdelt i møtet:

Brev frå Regionrådet i Nordhordland datert 2. februar 2016: «*Service og samferdsel/Transport og logistikk må ikkje flyttast frå Knarvik vidaregåande skule*».

OPEN TIME

Rasmus S. Rasmussen sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Vi ber administrasjonen undersøke om Rogaland fylkeskommune har satt i gang en ordning med y-veien innenfor helse og oppvekstfaget, og eventuelt legge frem informasjon om dette som melding i neste møte i OPHE..»

Oversendingsforslaget vart samrøystes vedteke oversend administrasjonen.

Tor Andre Ljosland stilte spørsmål vedk. kantinedrifta v/Fana Gymnas:

Fylkesdirektør opplæring svara på spørsmålet og kjem attende med utfyllande informasjon i neste møte i OPHE.

Solbjørg Marjala stilte spørsmål knytt til innsend notat vedk. påstått brot på friskulelova:

Saka vert å koma attende til på neste møte.